

# Brønnøy kommune

## Kulturavdelingen

1 av 1

Vår saksbehandler:  
Magnar Solbakk, 75 01 20 45

Vår dato:  
26.03.2004

Vår referanse:  
Ark.s.nr.: 04/00440

Vår arkivkode:

Deres dato:

Løpenr.: 003520/04  
Deres referanse:

Kultur- og kirkedep.

KU

2004.03.2004

ken 2

2004.1363-0069

## HØRING - FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN

Viser til høringsforslag av 04.02.2004.

Det er stor interesse for stadnamn i Brønnøy.

Hvis vi har oppfattet høringsforslaget rett –  
så er vi svært positiv til økt lokal innflytelse over vedtak om stadnamn.

Vedlegger lokale høringsuttalelser.

Med hilsen  
**Brønnøy kommune**  
  
Magnar Solbakk  
kulturkonsulent

Post- og besøksadresse  
Rådhuset  
8905 BRØNNØYSUND


E-postadresse:  
postkasse@brønnøy.kommune.no

Tелефon  
75 01 20 00  
Telefaks  
75 01 20 01

Bank-/postgirokonto  
4534 05 00117  
8921 07 00227  
78780650477

Organisasjonsnr.:  
964 983 291 MVA

Odd Nicolaisen  
8920 SØMNA.



BRØNNØY KOMMUNE	
Sentraladm.	
Løpenr.: 2996/04	Delarkiv:
Aktivsak nr.: 04/00440	Dok.nr.:
17 MAR 2004	
Emnekode	
Objektkode	
Sakseth:	MS
	Gradering
	Kopi

Brønnøy Kommune  
Magnar Solbakk  
Rådhuset  
8905 BRØNNØYSUND

15.03.04

### Høyring - Forslag til endring i lov om stadnamn.

Sjå forslaget frå departementet, mottatt i Brønnøy kommune 11. feb. 2004 og med løpe-nummer i kommunen 1605/04, arkiv 04/00440.

Heile forslaget er godt gjennomtenkt. Dei lokale tilhøva kjem til å spela mykje meir inn enn tidlegare når skrivemåten på stadnamn skal fastleggast. Men det er nokre uklåre punkt i forslaget og dei vil eg kommentera, det som er i orden hoppar eg over.

I formålet for lova skulle det vera med at stadnamn har ein dobbelt funksjon no til dags. Dei skal ta vere på godt innarbeidde skriftlege namn for å lette administrasjonen + ta vere på namna ut frå at dei er gamle kulturskattar. Det vil seie at eit område kan få fleire skriftlege formar av stadnamn: innarbeidde skriftlege, lokale, samiske og kvenske stadnamn. Dersom ein berre skulle ta vere på ein av dei nemnde variantane så ville dei andre kulturskattane døy i det lange løp. Meir om dette seinare.

Når den nye lova blir vedteken er det kommunen stort sett som fastlegg skrivemåten. Dette er mykje betre enn før då namna nærmast vart pålagt utanfrå og tvinga inn på ein motviljig befolkning. Særleg namnekonsulentane har blitt stempla som umulege sjøl om dei betre passa på å bruka den gjeldande lova. Stakkars dem!

Side 6 i forslaget, avsnittet før 3.2, høyrest så greitt ut. Men norsk har dårlege uttaleregler. Det er greitt at lang a skrivast a + enkel konsonant, eks, tak. Kort a skrivast a + dobbel konsonant, eks takk. Men når det er to ulike konsonantar bryt det saman. Til dømes ost og ost. Det eine uttalast med lang o og betyr at eim eller røyk stig opp frå steikepanna. Det andre ost er påleggjost. Det er betre på andre språk der lang vokal blir skrevi dobbelt, enkel vokal enkelt. Til dømes oost og ost.

Slike skjulte korte og lange vokalar + to ulike konsonantar har vi mykje av i skriftspråket vårt. Halte kan bety å halte eller han halte (lang a) og drog, salte er bønner som er salte eller dei salte (lang a) hestane. Som ofta ser ein frå samanhengen kva uttalen er. Men i stadnamn er det verre. T.d. er Øksnes eit nes med bruk av øks (den samiske ordet til grunn for øk er eit heilt anna), eller er det Øksnes (med lang ø) eit nes for gamle hestar? Andøy uttalast lokalt Annja med lang a først.

Det står ingen plassar i forslaget spesielt om kven som kan ta opp ei namnesak. Her meiner eg at den som er interessert eller har tilknyting til området same kor ho eller han bur, kan ta opp namnesak. Brev sendast kommunen. Så kjem saka inn i framgangsmåten etter lova.

Men for ikkje å drukna i småsaker, t.d. er det hundrevis av namn med Lisl- som er heilt framand for dialekten vår, må slike namnesaker samlast og takast opp som *ei* sak. Likeså er det nok at kommunen tek opp namnesaker *ein* gong i året. Kommunen må aktivt gjera det kjent at alle kan koma med namnesaker. Slik det er no veit ingen det, dei berre klagar på at dei ikkje blir høyrt. Ta lufta ut av ballongen på slike folk!

På dette viset får alle sin demokratiske rett til å koma med synspunkt.

Men kva skal ein gjera dersom kommunen vedteki eit namn som bryt med den lokale og gamle uttalen. T.d. vart namnet **Torget** vedteki av kommunen sjøl om den gamle uttalen er Tårre og Tárrin. Men Torget er knytta til sagatida osv. og Tårre er det ikkje. Her skulle lova opna for å bruka de norske ordet Torget saman med Tårre som er av samisk/finsk-ugrisk opphav, sjå nedafor.

Stadnamn skal skrivast på norsk, fleire samiske språk eller kvensk. Men lova nemnar ikkje den store gruppa sterkt forvanske samiske stadnamn som ikkje lenger er samiske men meir eller mindre har gått inn i norsk språk. Med samisk er her meint den finsk-ugriske språkgruppa. Det opprinnelege enkle innhaldet i stadnamn har gått tapt men er erstatta av ein ny og forvridd logikk for å tvinga det inn i norsk. T.d. finnast Barnedal og andre namn på Barn. Ei vandrehistorie gir opplysning om eit barn ein gong som svalt i hel. Men J. Quigstad De lappiske appellative stedsnavn pkt. 103 seier paune osv. er ein liten haug i skogen.

Andre namn er av uhyggeleg elde frå den tida fangstfolket levde. T.d. 3 stk Kabusa, to på kart og eitt lokalt i Kvinnherad nært Hardanger. Her er det ingen samisk tradisjon å finna. Det same namnet Kabus eller Kapus finst lokalt mange stader, t.d i Storbørja i Velfjord og i Vesterålen. Om lag *tredje* kvart stadnamn i Noreg har samisk eller finsk-ugrisk opphav men kan vera sterkt forvanske, t.d O- i Ones. Derfor er det heilt nødvendig at namna skrivast slik som dei uttalast lokalt sjøl om uttalen er langt frå det opprinnelege samiske.

Mange stader har dette ført til at det same området har to namn. Det eine er av nyare dato og har norsk språk som grunnlag. Det skrivast på kart, i brev og i administrasjon. Folk utanfrå kjenner berre det skriftlege og i det lange løp vil dette bli einerådande. Det andre namnet er forvanske samisk og brukast munnleg i lokalmiljøet. Det har ingen skriftleg status og dør bort. Og er samfunnet blitt rikare med det? Vi må ta vare på begge namna.

Til samanlikning: Ein arkeolog finn eit stort vikingeskip og tek godt vare på det. Samstundes finn han ein eldgamal sko men den kastar han fordi han er så ubetydeleg samanlikna med vikingeskippet. Kor lenge ville ein slik person behalda jobben? Men med stadnamn kan ein ta vare på det som har skriftleg status mens det munnlege får døy av mangel på bruk. Stadnamn kan berre overleve ved å brukast offentleg.

I Velfjord er det mange dobbeltnamn. Akselberg og Julsaune er den same plassen. Akselberg har skriftleg status men ikkje Julsaune. Julsaune kan koma av samiske ord som betyr fangstplassen i den snaue lia eller fjellet.

Svartdalen og Lesståmmåslia er og den same staden. Her står riktig nok Svartdalen på kartet men ein km unna på feil side av eit vatn.

Rodal i Sømna uttalast Rådd-dal og fortel at området er flatt, noko vassjukt og tett i tett med (bjørke)kratt. Ingen kan forklara kva Rodal er for noko.

Alle stadnamn er like verdifulle og må takast vare på ved å gi dem skriftleg status. Der det er to namn med (stor) ulikskap kan det skriftlege namnet som er godt kjent framleis stå på kartet mens det lokale namnet står i parentes bakom. Dette gir opplysning om at namn nr. 2 er eit forvanske samisk namn. Dersom namn nr. 2 står med vanlege bokstavar slik som namn nr. 1 gir det opplysning om at nr. 2 er "ekte" samisk. T.d. Akselberg (Julsaune), Alstahaug (Arsta), Djupaune (Jeppaune). Med samisk Tosen Duasa, (det står feil på kartet, Dåasa).

#### § 4 Reglar for skrivemåten.

Hér på Helgeland er stadnamn i bunden og ubunden form + i dativ. For folk utanfra (legar bl.a.) høyrest språkbruken vaklande, folket er ikkje sikker på om namnord er han- eller hokjønn! Tabellen under viser at dativ og nominativ i han- og hokjønn for enkelte ordgrupper er motsett likelydande.

Kjønn	Nominativ ubunden	Nominativ bunden form	Dativ bunden form
Han	hest	hestn	heste
	stein	ste'ein	steine
	spiker	spikern	spikre
	nava (neve)	navan	navå
	timi (time)	timin	timå
Ho	bøgd (bygd)	bøgde	bøgdn
	geit	geite	geitn
	myra	myrå	myrån
	melk	melkje	melkjin
Inkje	botn	botne	botn
	fjill (fjell)	fjille	fjill
	belti (belte)	belte	belti

Samstundes er det samanfall mellom enkelte former av eintal dativ og fleirtal nominativ. T.d. Hannj trødd se ne i myrån = han gjekk seg ned i myra (berre ei). Myrån sto gul a målljta = myrane sto gule av molte.

Derfor kan ikkje endingane i stadnamna vera bastant enkle, dei må brukast slik som den lokale uttalen er.

Dei ulike variantane i tabellen ovafor kjem og av enkelt og dobbelt tonefall.

§ 6 Her ville eg ha med at *lokale organisasjonar og interesserte enkelpersonar har rett til å uttale seg – osv.* Det sit mange ihuga amatørar på stadnamn i landet vårt. Dei må ikkje bli heilt uteslengt.

§ 10, her er det vist til § 6 mens det skal vera § 5.

Dette skulle vera nok for denne gongen.

Med helsing

Odd Nicolaisen

KJELL NICOLAISEN  
Boks 218  
8922 SØMNA

BRØNNØY KOMMUNE		
Sentraladm.		
Lopnr.: 2262	04	Defarkiv:
Arkivsak nr.: 04/no440 Dok.nr.:		
- 1 MAR 2004		
Emnekode		
Objektkode		
Saksøen	MS	Gradering
Kass.		Kopi

Berg 01-03-2004

Brønnøy kommune  
Rådhuset  
8905 Brønnøysund.

#### KOMMENTAR TIL LOV OM STADMAMN.

Har ingenting spesielt å si om selve lovforslaget, men jeg undrer meg over en ting og det er listen over de forskjellige høringsinstansene.

I Norge i dag har vi tre godkjente samiske språk. Jeg ser at det nordsamiske og det lulesamiske er ivaretatt. Det er ingen Sør-samiske institusjoner med på listen over høringsinstanser.

Jeg mener at SIJTI JARNGE AARBORTESEN (Sør-samisk kultursenter i Hattfjelldal) og SAEMIEN SIJTI SNÅASESEN (Sør-samisk senter på Snåsa.) burde være helt naturlige høringsinstanser. Det er på tide at storsamfunnet begynner å ta vare på de Sør-samiske stedsnavnene og da bør det være helt naturlig at Sør-samer blir hørt. Navnene er en utrolig kulturskatt.

Med vennlig hilsen

Kjell Nicolaisen.

